

Ei bok til ettertanke

UNGDOM

Rønnaug Kleiva:
PLUTSELEG NO
Samlaget

Anmeldt av
CATHRINE SENJE

I korte, enkle tekster fortel Rønnaug Kleiva om hovudpersonen sin: Ho er Mari, 15 år, går i åttande klasse, har langt, lyst hår og brune auge, har ei eldre syster og ein vanleg heim med sterk og yrkesaktiv mor.

Det er ei stillfarande lita bok. Her hender ikkje serleg mye. Men her er heile tida undertekst som seier meir enn dei knappe, tette avsnitta som er forfattaren si form. Kleiva kan hugse korleis det er å vere femten år og usikker på det meste. Ho hugsar svingingar i humøret: «Når eg er åleine har eg mest lyst til å gråte.» «Eg veit ikkje kvifor eg er så fortvila aggressiv.» Ho hugsar forelskinga, konflikthane i gjengen (kven er sterkast?) forvirringa, kjærleiken. Og alt skjer plutseleg. No.

For meg blei likèvel konfirmantførebuing og konfirmasjon det viktigaste i boka. Kleiva har klåre meiningar om dette. Ho vil syne oss korleis konfirmasjonen etter kvart har utvikla seg til eit spel om pengar. Mora vil pusse opp bad og kjøken fordi Mari er konfirmant. Kameratane snakkar om alt dei skal kjøpe for pengane dei får. Mari vaklar: kvifor gjer ho dette? Mora trøyster: «Det treng ikkje bety det slag.»

På sjølve konfirmasjonsdagen har Mari ein visjon i kyrkja. Ho ser ein Kristusliknande mann som seier at det dei driv med, er kjøp og sal og avgudsdyrking. Spent ventar ho på kva som no vil hende. Men det hender ingenting. Ingen andre såg mannen.

Då blir Mari sjuk. Eg tolkar det som ein reaksjon mot alt hykleriet. Ho greier ikkje meir og reagerer med flukt, inn i ein sjukdom. Det er noko ho ikkje skjønner.

Det er ei verkeleg ungdomsbok Rønnaug Kleiva har skrive, ei bok som ein må lese i ro og ettertanke. Her finst ikkje store ord og dramatisk handling. Men den rette lesaren finn noko å tenkje vidare på. Bøker kan ofte vere til å tenkje med.